



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

23/2464-

12. juni 2023

Høyring - forslag til endringar i tannhelsetjenesteloven og enkelte forskrifter (rettar for nye grupper av pasientar mv.)

Helse- og omsorgsdepartementet sender med dette på høyring forslag til endringar i lov om tannhelsetjenesten (tannhelsetjenesteloven) og enkelte tilhøyrande forskrifter. Forslaga inneber at fleire pasientar får lovfesta rett til tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta, heilt eller delvis utan vederlag.

Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Departementet foreslår å lovfeste rett til nødvendig tannhelsehjelp i den offentlege tannhelsetenesta for fleire pasientgrupper. For unge vaksne i alderen 21 til og med 24 år blir det foreslått å lovfeste rett til nødvendig tannhelsehjelp med redusert betaling, i form av 25 prosent eigenandel berekna ut frå takstane til departementet. For innsette i fengsel i kriminalomsorga, og dessutan personar med rusmiddelavhengigheit som får oppfølging i den kommunale helse- og omsorgstenesta, blir det foreslått å lovfeste rett til vederlagsfri tannhelsehjelp dersom opphaldet eller tenestene dei får varer lenger enn tre månadar.

Departementet foreslår òg å oppheva tannhelsetjenesteloven § 1-3 andre ledd om prioritering mellom pasientgrupper. Denne føresegna blei innført då den fylkeskommunale tannhelsetenesta blei bygt opp, men kan ikkje lenger seiast å vere i tråd med prinsippa om retten pasienten har til behandling. Dette inneber òg å oppheve moglegheita for fylkeskommunen til å ut frå ressursomsyn avvise pasientar med rett til tannhelsetilbod. I tillegg foreslår departementet enkelte endringar i vederlagsforskriften og forskrift om stønad til helsetjenester mottatt i et annet EØS-land som ei direkte følgje av lovforslaga.

Gruppene som no blir tatt inn i loven får eit rettsleg krav på tannbehandling frå den offentlege tannhelsetenesta, delvis eller heilt vederlagsfritt. For dei unge vaksne pasientane blir

Postadresse
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse
Teatergt. 9
www.hod.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
983 887 406

Avdeling
Helserettsavdelingen

Saksbehandler
Karethe Buchmann
22 24 83 95

overgangen til voksenlivet letta, og forslaget vil bidra til det førebyggjande arbeidet på tannhelsefeltet ved å skape gode vanar for pasientane med regelmessig tannhelsekontroll.

Dei andre pasientgruppene som blir foreslått tatt inn i lova har tidlegare hatt eit behandlingstilbod som følgje av eigne, økonomiske tilskot i budsjetta frå fylkeskommunane, men dei har ikkje vore tekne inn i lova med sjølvstendig rett til tenestene. Desse er pasientgrupper med til dels store og samansette helseutfordringar som tradisjonelt har stått særleg svakt, og departementet foreslår med dette å styrkje rettsstillinga deira i tannhelsetenesta. Når retten til behandling blir nedfelt i lova kan pasientane òg klage på behandlinga dei får eller ikkje får, dersom dei meiner ho ikkje oppfyller kravet i lova.

Høyringsfrist

Høyringsfristen er **tysdag 12. september 2023**. Vi ber om at høyringssvar blir levert digitalt på regjeringen.no under «Send inn høyringssvar». Her kan ein registrere seg, mellombels lagre eit høyringssvar og laste opp vedlegg. Høyringar er opne, og alle kan sende svar til oss. Det er også høve til å sende høyringssvar utan å registrere seg.

Vi gjer merksam på at høyringssvar er offentlege etter offentleglova, og vil bli publisert saman med andre høyringssvar. Vi ber mottakarane av dette brevet vurdere om høyringsnotatet også bør sendast til underliggjande etatar eller verksemder, medlemmar osb. som ikkje står på lista.

Med helsing

Atle Gøhtesen (e.f.)
avdelingsdirektør

Karethe Buchmann
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer